

Frå øy til øy med kyrkjebåt og salmesong

Av Nils Hidle
(tekst og foto)



*Salmesong under-
vegs i kyrkjebåt:
I framrommet:
Madeleine og
Einar. Terjer ror,
Sverre skotar,
June sit på bak-
tofta og syng*

Pilegrimsvandring og filosofisk samtale vart prøvd ut i samanheng med eit trusopplæringssjokjekt som kyrkjelydane i Finnøy kommune, i Ryfylke, har skipa til. I Finnøy er det 15 øyar det bur folk på, og på tre av øyane er det kyrkjer, på Sør-Talgje, Finnøy og på Kyrkjøy i Sjernarøyane lengst nord i kommunen.

Sytten sjuandeklassingar rodde frå Sør-Talgje til Tjul 9.-10. juni 2007. På laurdagsmorgonen fortalde Jostein Gard om Talgjekyrkja før deltakarane la ut med fire færingar frå Preststø. Fire ungdommar i tre båtar, fem i den fjærde. I kvar av båtane var det ein vaksenleiar. Presten og mesteparten av bagasjen følgde kyrkjebåtane i motorbåt på veg frå den eine stranda til den neste.

Deltakarane gjekk i land ved kyrkja på Finnøy og hadde pilegrimsvandring og tidebøn der om

kvelden. Det vart servert middag og kveldsmat på bedehuset Emmaus. Der var det også overnatting og morgonsmat. Sundags morgonen rodde følgjet vidare via Mjølsholmen og Talgjeholmane, der det var kvil og rast, før det var kapproing siste stykket til Tjularbrua. Derifrå gjekk følgjet siste stykket langs vegen til gudsteneste i Sjernarøy kyrkje.

I 2007 var det tredje gongen opplæringsutvalet i kyrkjelydane i Finnøy skipa til rotur for dei som skal begynne i ungdomsskolen. - Roturen er eit trusopplæringstiltak, der dei som er med lærer salmar, og om gudstenesta, fortel Terjer Hidle, som har vore med sidan ideen til roturen vart klekt. Sokneprest Rune Andreassen var med for første gong i år, og var strålande nøgd: - Etter tre gonger er dette ein tradisjon. Det skal vi ikkje slutte med. Det er ein super måte for ungdommane å bli kjente med



kvarandre og å få meir kunnskap om både nabobygder og gudsteneste, seier Andreassen.

I båtane hadde deltakarane med seg plastlaminerte draft og songark med salmer. – Det er ikkje alle taktarter som passar like godt å ro til, men me lærer litt om det etter kvart, seier Terjer Hidle. – I ein av båtane prøvde me ut om filosofisk samtale kunne nyttast i båt. - Ungdommane sette stor pris på å vere med i ein samtale der dei kunne få seie meiningane sine fritt. Når dei oppdaga at meiningane deira ikkje vart sensurerte, men tekne på alvor, blei det fart i diskusjonen, seier ho.



Postskript:

I 2008 la færingssongarane om ruta, og rodde meir innaskjers, frå Talgje, til Nådåøynå ved Finnøy og vidare til Halsnøy, der dei overnata i Bedehuset. Sundagen rodde dei til Bodlavika, som har fått namn etter den siste heksebrenninga i Rogaland, før kapproing siste stykket til Tjul og gudsteneste i Sjernarøykyrkja. I 2009 er 26 sjuandeklassingar påmeldt, og Terjer har skaffa enda ein båt til å vere med i følget. - Fire sjuandeklassingar og ein vaksen er passeleg i ein båt. Fem og ein vaksen går også, men det er i meste laget.

